

Bedriftsbesøk hos Amatec

29.05.2015

Spisskompetanse i verdstoppen! Produkt/ markedssjef Lars Einar Riksheim brukte ikkje akkurat dei orda då han informerte til Sykkylven Rotary Klubb, men slik må det vere lov å tolke noko av det vi fekk høyre under bedrftsbesøket den 27.mai 2015!

[AMATEC A/S](#) ligg vakkert plassert ved Sykkylvsfjorden og Sykkylvsbrua, og med eit bakteppe der Trollkyrkja og Ljøsabreen dominerer saman med deler av Sunnmørsalpane. Merk at du finn [MØTEREFERAT](#) viss du klikkar på linken.





Produkt/ markedsjef Lars Einar Riksheim tok mot oss og presenterte bedrifta på beste vis.





Denne broderi-symaskina "broderer" det kunden ønsker. Marknaden er vid!



"Miller T3 - Liten og kompakt fleksibel sveisemaskin med varmekile. For ferdiggjøring av banner og montering av print m.v." Slik står det bl.a. å lese på plakaten til høyre. Når du klikkar inni biletet, kan du lese han sjølv.



Industri-symaskiner til ulike formål.



Jan viser fram eit nett frå ei fiskemære der kavlen (det grønne tauet på toppen) er sydd fast ved hjelp av ei maskin frå Amatec.



Denne samansyinga av ei løkke erstattar fullt ut den tradisjonelle spleise-teknikken som tok lang tid. Ein "spleis" som dette tek mellom 1 og 2 minutt.



Oddbjørn held opp ei jakke der "skrifta på ryggen" er svidd inn med laser-lys.



Knut og Lars Einar viser utstyr til fiskeoppdretts-industrien for å utrydde lakselus. Denne vesle biten er ikkje representativ for store anlegg som krev 4-5000 kvadratmeter av dette slaget.




Ei anna symaskin fester dette glidelåset med millimeter presisjon til foret i ein Stressless krakk for Ekornes ASA.



Laser-lys blir brukt til å lage slike skilt, til å "skrive" på keramikk eller glas (under) eller å skjere i stål. Det kan også brukast til å reparere auget ditt om du ikkje ser skikkeleg. Men akkurat det siste får du ikkje gjort med maskin frå Amatec - enno.





Her er det nok broderi-maskina som har vore på ferde.



Så har vi bytta lokalitet, og er i rom med den nye sy-roboten som - etter 10 års utvikling - skal installerast hos Ekornes ASA i juni 2015. Deretter går resten av året med til å justere og perfeksjonere utstyret for optimal drift, vonleg frå nyttår. Målet er at roboten skal spare 2 årsverk x 2 skift = 4 årsverk.


Den svarte boksen øverst fotografierer og registrerer objektet på bordplata, slik at den raude robotarmen kan ta det og føre det til symaskina.




Her er oppgåva: å sy saman den tynne huda med den tjukke og porøse biten under.



Robotarmen har gripe objektet og flytta det til sy-roboten.




Saumen blir sydd 5 mm frå kanten, og prosessen blir overvaka og styrt av eit kamera som tek meir enn 30 bilete pr. sekund! Her står det japansk teknologi bak utviklinga.



Spalten under sy-armen har opna seg og sleppt ned det ferdigsydde objektet til ære for oss. Deretter hamnar det på bandet eller gjerne oppi ei korg som blir ført vidare til neste trinn i produksjonen.



Fiks ferdig sydd: nøyaktig og på eit minimum av tid.



Avdelingsleiar Tor Ronny Gjelstenli er nok ikkje så lite stolt over det han har fått vere med på å utvikle. Dette er banebrytande teknologi i verdstoppen, og førebels er det ingen over og ingen ved sida innan feltet industrisaum på tekstilar og hud.



Automasjons-ingeniør Terje Riksheim (i stolen) fortel om sjølve syproessen og nødvendig tilpassing/ justering.



Stor takk frå Sykkylven Rotary Klubb til herrane Tor Ronny, Terje og Lars Einar for umåteleg interessant presentasjon av og informasjon om Amatec AS, ei bedrift i medvind og så definitivt med framtida føre seg!

op, tekst og foto